



# OSTERFJORD NÆRINGSSAMARBEID

Industrikonsulenten på Osterøy, Osterfjord Reiselivslag, Vaksdal Næringssekskap AS,  
Næringskonsulenten i Modalen

## Kompetansesenteret for avansert maskinering, KAM

Under etablering ved Osterøy vidaregåande skule

**Prosjektplan pr 24.5.06** vedlagt eller sjå [www.osteroyindustrilag.no/indkons](http://www.osteroyindustrilag.no/indkons) under nyhende eller sjå  
prosjektet si heimeside; [www.rup.no](http://www.rup.no), søk «KAM».

### Status pr 1.6.2007

**Prosjekt i regi av Osterfjord Næringsssamarbeid** med ”Komite for vidareutvikling av Osterøy vidaregåande skule” som prosjektstyre.

**Sekretariat:** Industrikonsulenten på Osterøy, Lars Mjøs

**Prosjektleiurarar:** Leif Tore Solberg og Torgeir Njåstad

**KAM har frå hausten 2007 tilgang til så kompetent undervisningspersonale og såpass bra med CNC maskinutstyr /programvare og industrirobot at senteret i tillegg til ordinær undervisning innan vidaregåande opplæring kan ta på seg eksterne opplæringsoppdrag.**

Frå skulestart hausten 2006 er **skuleverkstaden** oppgradert frå berre manuelle maskiner til verkstad med førebels **3 CNC-styrte maskiner og programvare:**

1 stk dreiebenk med dialogstyring

1 stk dreiebenk med ISO-programmering

1 stk maskineringssenter med ISO-programmering

EdgeCAM, 25 lisensar

Solid Edge

**1 stk industrirobot vert innkjøpt til skulestart hausten 2007**

I verkstaden vert det i CNC-maskinane **produsert delar** på oppdrag frå **Tysse Mek Verksted AS**.

Frå skulestart hausten 2007 får skulen nytte **produktutviklingsverkstaden** hjå **Tysse Mek Verksted AS** til undervisning av VG2-elevar. Dette kan og kombinerast med praksis i den ordinære produksjonen.

Tysse Mek Versted AS ligg langt framme i bruk av CNC- og robotteknologi. Produktutviklingsverkstaden er utrusta med CNC-styrt kantpresse og CNC-styrt stanse-/niblemaskin. For å få ein «komplett» undervisningsverkstad er det gjennom KAM-prosjektet kjøpt inn enkel dreiebenk og enkelt bor/freseverk, begge med digital avlesing

Skulen har opplevd **sterk auke i interessa for tekniske fag.**

Skuleåret 2006/07 har det vore **2 stk VG1-klassar i Teknikk og industriell produksjon med 23 elevar.** 13 av elevane har hatt **praksisplass** 1 dag pr veke i 6 Osterøyverksemdar med moderne og avansert maskinutstyr, 2 av elevane på fastlandet.

Skuleåret 2007/08 vil det vere følgjande klassar:

2 klassar VG1 Teknikk og industriell produksjon

1 klasse VG2 Produksjons- og industriteknikk

Det vil og vere 2 klassar i VG1 Elektro med sikte på frå 2008; 2 klassar VG1 Elektro og 1 klasse VG2 Elenergi.

**Fagkoordinatoren** (hovudlæraren) har skuleåret 2006/07 hatt praksis 1 dag pr veke i lokale bedrifter for CNC-opplæring.

**2 hjelpelærarar** frå næringslivet med solide CNC-kunnskapar er engasjerte.

Frå skulestart hausten 2007 er tilsett i deltidstilling **1 lærar med brei CNC-erfaring** som kombinerer stillinga med stilling i industrien.

Industrikonsulenten på Osterøy

sekretariat for Osterfjord Næringsssamarbeid

Rådhuset

5282 Lonevåg

1

tel. +47 56 19 22 70

fax: +47 56 19 21 01

Org.nr. 984 077 882

e-post: [lars.mjøs@osteroyindustrilag.no](mailto:lars.mjøs@osteroyindustrilag.no)



# OSTERFJORD NÆRINGSSAMARBEID

Industrikonsulentene på Osterøy, Osterfjord Reiselivslag, Vaksdal Næringssekskap AS,  
Næringskonsulentene i Modalen

Hordaland fylke har prioritert prosjektet høgt under ”Program for samarbeid mellom vidaregåande skular, næringsliv og lokalsamfunn”; for 2006 kr 400.000 av potten på kr 500.000 og med gode moglegheiter for tilsvarende sum i 2007.

Fylkestinget har vedteke å bygge ny Osterøy vidaregåande skule, innflyttingsklar til skulestart i 2010. Her vil KAM få tilgang til vesentleg betre verkstadlokale.

Høgskolen i Bergen og Osterfjordregionen inngjekk våren 2007 ein samarbeidsavtale. Som del av denne vert det satsa på samhandling innan m.a. CNC-opplæring og bruk av robot.

## Skrikande behov for CNC-operatørar

Me opplever no både lokalt, regionalt og nasjonalt ei vesentleg underdekning i trongen for kompetente CNC-operatørar. Prosjektet har fått støtte-erklæringar frå 13 bedrifter i Bergen og omland. Desse representerer ca 2500 arbeidsplassar med over 250 avanserte CNC- maskiner.

NAV har meldt interesse for å nytte KAM, mellom anna til individuell opplæring.

## Prosjektet/ etableringa av KAM er avhengig av meir støtte:

### Før nytt skule-/verkstadbygg:

Fleire praksisplassar, særleg utanfor Osterøy, for elevar (både VG1 og VG2) og vaksne under opplæring.

Midlar til meir og nytt maskinutstyr/ robot. Pr dato har senteret berre brukt utstyr.

Midlar til rekruttering og opplæring av undervisningspersonell.

Kundar/industrikundar som vil kjøpe opplæringstenester.

### Ved opning av nytt skule-/verkstadbygg:

Som over.

Midlar til kjøp av moderne maskinpark slik at KAM kan verte eit nasjonalt kompetansesenter.

### Prosjektet har så langt oppnådd følgjande finansiering (i 1000 kr):

Løyving frå kompensasjonsstyret Osterøy til maskinkjøp	300
Gåver knytt til maskinkjøp over (differanse kjøpesum og marknadsverdi)	200
Eigeninnsats skisse- prosjektering av nytt skulebygg (i 2005)	50
Løyving frå kompensasjonsstyret til prosjektering av nytt skulebygg	240
Løyving frå kompensasjonsstyret til prosjekt ”Avansert maskinering og robothandtering”	50
Løyving frå Regionalt næringsfond for Osterfjord til prosjekt ”Avansert maskinering og robothandtering”	50
Tilskott frå Hordaland fylkeskommune, for 2006	400
Ramme for mogeleg tilskott frå Hordaland fylkeskommune for 2007	400
<b>Sum</b>	<b>1.690</b>

Med helsing Kompetansesenteret for avansert maskinering, KAM

Lars Mjøs  
sekretariat  
56 19 22 70

[lars.mjøs@osteroyindustrilag.no](mailto:lars.mjøs@osteroyindustrilag.no)

Industrikonsulentene på Osterøy  
sekretariat for Osterfjord Næringsssamarbeid  
Rådhuset  
5282 Lonevåg

Leif Tore Solberg  
prosjektleder  
56 39 12 00

[itsaktiv@online.no](mailto:itsaktiv@online.no)

Torgeir Njåstad  
prosjektleder  
56 19 40 00

[torgeir.njaastad@start.no](mailto:torgeir.njaastad@start.no)

tel. +47 56 19 22 70  
fax: +47 56 19 21 01  
Org.nr. 984 077 882  
e-post: [lars.mjøs@osteroyindustrilag.no](mailto:lars.mjøs@osteroyindustrilag.no)